

VÅGÅ KOMMUNE
LOM KOMMUNE
SKJÅK KOMMUNE
Skogbrukssjefen

Vågåmo, 12.12.2005

Det kongelige Landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.
2005/01753-65
15 DES 2005
ASK
ASKL/IEK 161

Dykkar ref:
2005/01753

Vår ref

HØYRING – NY FORSKRIFT OM SKOGFOND MV.

På grunn av kort høyringsfrist og stor arbeidsbelastning, var det ikkje mogeleg å leggje saken fram til politisk behandling i Vågå, Lom og Skjåk. Derfor blir dette ei administrativ fråsegn frå same kommunane.

§ 2-2 Sats for avsetjing til skogfond mv.

Minstesats for avsetting til skogfond er altfor låg. Det er eit særst lite tal skogeigedommar som ikkje bør investere for minst 10 % av bruttoverdien av virket. Dei aller fleste bør avsetje meir for å kunne nytte den gunstige skattefordelen fullt ut. Det er berre eit lite mindretal med skogeigarar som i dag får utnytta skattefordelordninga fullt ut. Vi har små skogeigedommar, og dei fleste som avverkar har ikkje eit bevisst val på nødvendig skogavgiftssats når dei skriv virkeskontrakt.

Skogbruksleiaren hos oss dekkjer 1400-1500 skogeigarar. Han har dermed ofte ikkje nok kunnskap om skogforholda på eigedommen til skogeigaren som melder inn tømmer, til å gje gode nok råd om val av skogavgiftssats. Når eg i etterhand gjer dei merksam på at dei kan ta ut lønn til seg sjølv for plantearbeidet dei har gjort, eller ungskogpleia, har dei ikkje nok pengar på skogavgiftskontoen. Dei fleste avverkar med fleire års mellomrom, og dei er naturleg nok ikkje godt nok oppdatert på regelverket til å nytte systemet fullt ut. Dermed misser vi den monalege motivasjonsfaktoren som skogavgift med skattefordel er, både for å gjere ein eigeninnsats, eller å setje bort skogkulturarbeide. Hadde skogeigarane hatt nok skogavgift til å dekke investeringsbehovet hadde det vore langt lettare å motivere skogeigarane.

Å frigje skogavgift til dei få som ikkje treng 10% eller meir er ein enkel sak, og det er ikkje noko argument for å ha låg minstesats.

Innskjerpinga av foryngingsplikten i skogloven heng særst dårleg saman med minstesats på 4 %. Det vil føre til at vi i nokre tilfelle må tvinge skogeigarane til å investere i skogkultur utan at dei får nokon skattefordeleffekt. Det er mykje trivelegare for båe partar at skogeigarane blir stimulert positivt gjennom skattefordeleffekt og statstilskot.

Konklusjon, minstesatsen bør vere 10%

§ 2-3 Plikt til å innbetale til skogfond

Det bør vere eit unntak for plikt til avsetting for store bygdeallmenningar (eller statsallmenningar som blir forvalta som bygdeallmenningar) som har skogbruksutdanna administrasjon. Døme hos oss er Skjåk bygdeallmenning og Langmorkje Almenning. For å unngå at pengar blir ståande hos

L:\DATA\TPE\MØTEBOK\1505Skogfond - høyring.doc 14.12.05 13:42

Postadresse:	Faste kontordagar (landbrukskontora):	Tlf. mob. 907 49828
Postboks 106	Vågå: Kvar fredag	Tlf. kont. 61 29 36 74
2684 VÅGÅ	Lom: Første måndag i månaden	“ “ 61 21 73 00
Hovudkontor Vågå	Skjåk: Første onsdag i månaden	“ “ 61 21 70 00

andre vil desse velje lågaste skogavgiftssats. Dei investerar så mykje at dei vil konstant vere ”i forskot med investering”. De vil be om ein ståande avtale om å få utbetalt skogavgift etter kvart som den kommer inn på konto på bakgrunn av at dei er i ”forskot med investering”. Dette vil føre til at kommunen må utbetale skogavgift etter kvart som den kommer inn på kontoen. Dette blir berre eit unødig byråkrati som ingen tener på.

§ 4-1 Bruk av rentene av skogfond

Det er særst bra at det oppretthaldast at rentene kan nyttast til lokale aktivitetstiltak. Utan denne ordninga ville ikkje investeringsnivået i skogbruket vore på eit så høgt nivå som det er. Det hadde vore ynskjeleg med ein endra fordelingsnøkkel slik at ein større del kan nyttast til lokale aktivitetsskapande tiltak. At det ikkje er renter på skogfondet er ein sterk motivasjonsfaktor for skogeigaren til å nytte midla raskast mogleg til investeringar (med skattefordel) i skogen.

Det bør opnast igjen for innkjøp av mindre teknisk utstyr. Vi har små skogeigedommar. Mange skogeigarar treng ei motorryddesag 2-3 dagar kanskje kvar andre eller tredje år. Vi har derfor kjøpt inn motorryddesag som skogeigarane kan leige mot ein liten godtgjersle som går til vedlikehald. Saga er hos forhandlaren som gjer nødvendig vedlikehald. Slik ordningar bør det framleis vere opning for i regelverket !

§ 4-2 Regnskaps- og budsjetttrutar for rentene av skogfond

”Forskrift om forvaltning og bruk av rentene av skogavgiften (rentemidlene)” hadde fråsegn om at rentemiddelbudsjettet skulle behandlast i kontaktutvalet for skogbruk i kommunen, der dette var oppretta. Lang røynsle viser at eit kontaktutval i kommunen har ein viktig kontaktskapande funksjon mellom det politiske liv i ei kommune, og skogbruket som næring. Rentemiddelbudsjettet er ei av sakene som vi behandlar i kontaktutvalet. Det bør takast inn ei fråsegn om at:

”Rentemiddelbudsjettet skal behandlast i kontaktutvalet i kommunen. Kontaktutvalet er leiar i hovudutvalet som har ansvar for landbrukssaker i kommunen, leiar i skogeigarlaget, skogbruksleiar, og skogbrukssjefen i kommunen. Synspunkta til kontaktutvalet skal følgje saken til Fylkesmannen”

Vennleg helsing



Tormod Pedersen
Skogbrukssjef